

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 136/2012

2017/EØS/29/09

av 16. februar 2012

om godkjenning av natriumbisulfat som tilsetjingsstoff i fôrvarer for kjæledyr og andre dyr som ikke er meinte for næringsmiddelproduksjon(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om godkjenning av natriumbisulfat. Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategoriane «teknologiske tilsetjingsstoff» og «sensoriske tilsetjingsstoff» av natriumbisulfat som tilsetjingsstoff i fôrvarer for kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon.
- 4) I ei fråsegn av 13. oktober 2011⁽²⁾ slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla «Styresmakta») fast at natriumbisulfat under dei framlagde bruksvilkåra ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet, og at preparatet er rekna som verksamt som surleiksregulerande middel i fôr til kjæledyr og andre

dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon, og som aromastoff i fôr til kjæledyr. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffet i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

- 5) Vurderinga av natriumbisulfat viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av dette preparatet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegga til denne forordninga.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Preparatet som er ført opp i vedlegg I og tilhører kategorien «teknologiske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «surleiksregulerande middel», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i det nemnde vedlegget.

Artikkel 2

Preparatet som er ført opp i vedlegg II og tilhører kategorien «sensoriske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «aromastoff», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i det nemnde vedlegget.

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 16. februar 2012.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

(*) Denne unionsrettsakten, kunnngjord i EUT L 46 av 17.2.2012, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 206/2012 av 7. desember 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 18 av 21.3.2013, s. 3.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ *EFSA Journal* (2011), 9(11):2415.

VEDLEGG I

Identifikasjon snummeret til tilsetjings- stoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						mg/kg fullfør med eit vassinnhald på 12 %			
Kategori: teknologiske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: surleiksregulerande middel.									
1j514ii	—	Natrium- bisulfat	<p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat: $\geq 95,2$ %</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat CAS-nr. 7681-38-1 NaHSO_4 Na 19,15 % SO_4 80,01 % Framstilt ved kjemisk syntese</p> <p><i>Analysemetode</i> ⁽¹⁾</p> <p>Fastsetjing av natriumhydrogensulfat i tilsetjingsstoff i forvarer: titrimetrisk metode basert på fastsetjing av det samla løyselege syreinnhaldet av natriumbisulfat i høve til ei standardløysing av natriumhydroksid.</p>	Kjæledyr og andre dyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon	—	—	5 000	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bruksrettleiinga for tilsetjingsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur, lagringstid og pelleteringsstabilitet. 2. Tryggleikstiltak: pustevern, augevern og hanskar skal nyttast under handsaminga. 3. Blandinga av ulike kjelder av natriumbisulfat må ikkje overstige grenseverdien i fullfør på 5 000 mg/kg fullfør. 	8. mars 2022

⁽¹⁾ Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet: http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL_feed_additives/Pages/index.aspx

VEDLEGG II

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						mg/kg fullfôr med eit vassinnhald på 12 %			

Kategori: sensoriske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: aromastoff.

1j514ii	—	Natriumbisulfat	<p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat: $\geq 95,2$ %</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet</i></p> <p>Natriumbisulfat CAS-nr. 7681-38-1</p> <p>NaHSO₄</p> <p>Na 19,15 %</p> <p>SO₄ 80,01 %</p> <p>Framstilt ved kjemisk syntese</p> <p><i>Analysemetode⁽¹⁾</i></p> <p>Fastsetjing av natriumhydrogensulfat i tilsetjingsstoff i fôrvarer: titrimetrisk metode basert på fastsetjing av det samla løyselege syreinnhaldet av natriumbisulfat i høve til ei standardløyning av natriumhydroksid.</p>	Kjæledyr	—	—	5 000	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bruksrettleinga for tilsetjingsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur, lagringstid og pelleteringsstabilitet. 2. Tryggleikstiltak: pustevern, augevern og hanskar skal nyttast under handsaminga. 3. Blandinga av ulike kjelder av natriumbisulfat må ikkje overstige grenseverdien i fullfôr på 5 000 mg/kg fullfôr. 	8. mars 2022
---------	---	-----------------	---	----------	---	---	-------	--	--------------

⁽¹⁾ Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet: http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL_feed_additives/Pages/index.aspx